



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karen Elin Bakke 5557 2126

Gulen kommune, gbnr. 79/47 m. fl. Klage over reguleringsvedtak. Skipavika næringspark, planid. 2023002.

Vi viser til oversending av klagesak frå Gulen kommune den 30.10.2025, ref. 2023/3325-78. Vi beklagar land sakshandsamingstid.

Vedtak

Statsforvaltaren stadfestar Gulen kommune sitt vedtak datert 17.06.2025, sak 38/2025, der reguleringsplan for Skipavika Næringspark, planid. 2023002 vart vedteken.

Bakgrunnen for saka

Vi føreset at partane er kjende med den tidlegare handsaminga av saka og saksdokumenta, men nemner følgjande:

Gulen kommunestyre vedtok samrøystes reguleringsplanen for Skipavika Næringspark i møte 17.06.2025, sak 38/2025, arkivsak 2023/3325.¹

Skipavika er eit etablert nærings- og industriområde. Planen erstattar reguleringsplanen for Skipavika Næringspark, planid. 2012005 og delar av detaljplan for veg Skipavika – Brandangerbrua, planid. 2015005. Den eksisterande planen i Skipavika opnar for ulike verksemdar. Det er allereie gitt løyve til fleire tiltak i tråd med planen, mellom anna til slakteri og oppdrettsanlegg.

Planen legg tilhøva til rette for å etablere fabrikk for tilverking av grøn ammoniakk. Det krev at planen opnar for storulykkeverksemd med tilhøyrande infrastruktur og omsynssoner, som ikkje var tillate i førre plan. I tillegg legg planen opp til endring av arealføremål i industriområdet for å imøtekomme utbyggingsplanar og framtidig arealbehov, mellom anna maritim klynge.

Det er SkiGA AS som ønskjer å etablere produksjonanlegget for ammoniakk. Forslagsstillar er Skipavika Næringspark AS, og ansvarleg plankonsulent er Tippetue Arkitekter AS.

¹ Sjå også handsaming i hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK) den 10.06.2025, sak 38/25.



Kystverket har tidlegare kome med motsegn til planen knytt til tryggleik og framkome i sjøen. Motsegna frå Kystverket er no trekt.² Statsforvaltaren har også hatt omfattande merknader til planen.³ Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har gitt fråsegn til meldinga om vedtaket.⁴

Gulen kommune har motteke to klagar på reguleringsvedtaket. Begge klagane er rettidige, og klagarane har rettsleg klageinteresse.

1. Klagen frå Kristoffer Elvebakke og Irmelin Gripsgård, gbnr. 79/2 og 4, motteken 13.07.2025.

Klagarane meiner at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til tryggleiken for omkringliggende busetnad. Dei viser til at det manglar informasjon om korleis kommunen har vurdert risiko og beredskapen. Sjølv om ammoniakkanlegget er planlagt på eksisterande industriområde, så vil verksemda kunne få konsekvensar for nærliggande busetnad og naturmiljø. Klagarane meiner at det manglar i lokasjonsvurderinga, og at det berre er lagt til grunn at det er positivt at anlegget vert plassert i det eksisterande industriområdet. Vidare er det klaga på at høyringsinnspel frå innbyggjarar ikkje er tekne omsyn til eller vurdert. Det er også hevda at kommunen fråskriv seg ansvar for ulemper i industriområdet. Klagarane ønskjer difor at reguleringsvedtaket vert oppheva og at reguleringsplanen vert sendt til ny og uavhengig vurdering.

2. Klage frå Wergeland Holding AS og Wergeland eigedom AS, motteke 22.07.2025.⁵

Det er klaga på at Wergeland Holding AS sin rettighet til GMU bøye nr. 1/LK-7024/Fensfjorden Mooring Buoy NO. 01 er fjerna. Det er vist til at Wergeland Holding AS ikkje er varsla om denne endringa. Klagar meiner at dette er ei sakshandsamingsfeil. Det er også vist til tidlegare innsendte høyringsinnspel, der også bøyen er nemnd, jf. pkt. 3. Klagarane meiner at vedtaket er ugyldig og må gjerast om.

Forslagsstillar, SkiGA AS, har kommentert klagen frå Elvebakke og Gripsgård den 27.08.2025. Dei viser til ROS, QRA og KU og at ammoniakkanlegget ikkje skal vere til fare for omgjevnadane, korkje busetnad eller natur. Det er også vist til dei skjerpa krava til storulykkeverksemdar. Vidare meiner SkiGA at det er lagt til rette for medverknad i planprosessen.

Skipavika Næringspark AS ved Hellandsjø har kommentert klaga frå Wergeland Holding AS/ Wergeland eigedom AS i e-post 03.09.2025. Det er vist til at bøyen vart fjerna for meir enn ti år sidan, og har ikkje vore i bruk på 20 år.

I oversendinga er det også lagt ved tilleggsopplysningar frå Wergeland Group AS ved Margunn Bjørnstad, dagsett 22.10.2025. Det går fram at Wergeland Group AS meiner kommunen si innstilling til vedtak om å ikkje ta klagen deira til følge, bygger på feil faktum og ei uriktig forståing av gjeldande rett. Det er vist til at Wergeland Group AS har eit gyldig og varig løyve til bøye frå Kystverket, og dei legg til grunn at denne framleis gjeld. Bøyeretten i Fensfjorden utgjer eit sentralt

² Sjøå motsegn 07.01.2025, og brev 25.04.2025 der motsegna vart trekt.

³ Vi viser til vår plansak 2023/10617, mellom anna dialogmøte datert 06.02.2025, samordna uttale med møtereferat datert 24.02.2025 og fråsegn til revidert planforslag datert 09.05.2025.

⁴ Dagsett 10.07.2025, ref. 2023/8015-8. Sjøå også uttale frå beredskapsseksjonen hjå SFVL datert 26.08.2025, sak 2025/11447. DSB viser til at dei har pågåande handsaming av samtykkesøknad for SkiGA i Skipavika Næringspark og at risikokonturane vedlagt samtykkesøknaden er i samsvar med dokumentasjonen som ligg til grunn for godkjenninga av reguleringsplanen. Det er peika på at vedlegg 3, illustrasjonsplan A0 datert 19.05.2025, har bytt om namn/farge på indre og ytre omsynsone.

⁵ Jf. også merknad datert 10.01.2025 og oversending datert 16.09.2025 som viser til brev frå advokat Skaar hjå Wikborg Rein advokatfirma AS datert 13.03.2020, ref. 542573-001 med tilhøyrande støttedokumentasjon. Brevet er sendt i samband med rullering av kommuneplanen, pkt. 4 gjeld same bøye som klaga på reguleringsplanen gjeld.



element i konsernets verksemd og vidare utvikling. Dersom klaga ikkje vert teken til følge, vil det ha alvorlege konsekvensar for verksemda og kan utløyse økonomisk ansvar. Det er vist til at flyteinnretninga er fjerna, men at forankringspunktta og kjettingane framleis ligg der og funksjonen er uendra. Det er planlagt gjenetablering i løpet av kort tid.

Dei to klagene vart handsama av kommunestyret 23.10.2025, sak 63/2025. Klagene vart ikkje tekne til følge, og saka er sendt til Statsforvaltaren for endeleg handsaming.

Etter oversendinga frå Gulen kommune har vi 31.10.2025 motteke brev frå Skipavika Næringspark AS ved Hellandssjø. Brevet frå Wergeland Group dagsett 22.10.2025 er nærare kommentert, og Skipavika Næringspark AS skriv at tilbakemeldinga har fleire faktafeil. Dei påstår at dei har rettighet til ein installasjon som ikkje eksisterer, ikkje er oppført på sjøkartet, ikkje er tinglyst og ikkje går fram av anna enn løyvet som er falle bort. Det er vidare vist til følgjande feil: 1. tidspunktet for varsling om bøyerettighetene, 2. føremålet med bøyen, 3. tidspunktet for fjerning av bøyen, 4. grunnen til at bøyen er fjerna og 5. line over fortøyningspunktet.

Som tilsvar på Skipavika Næringspark AS si tilbakemelding, har vi den 04.12.2025 motteke brev frå advokat Hågen Hansen hjå advokatfirmaet BAHN AS på vegner av Wergeland-Holding AS. Advokat Hansen ber Statsforvaltaren oppheve kommunen sitt vedtak sidan det legg til grunn at Wergeland sitt løyve til fortøyningsbøye har opphøyr. Det er vist til at det feilaktig er lagt til grunn at løyvet til fortøyningsbøyen er falle bort etter havne- og farvannsloven § 16 fjerde ledd, og at kommunen ikkje har nødvendig kompetanse. Det er vidare vist til at vedtaket byggjer på feil faktum og det er hevda at kommunen si sakshandsaming ikkje har vore forsvarleg.

Vi kan ikkje sjå at Gulen kommune har motteke tilsvara dagsett 31.10.2025 og 04.12.2025. Desse er difor sendt kommunen til orientering 10.04.2026. Gulen kommune har ikkje hatt merknadar til breva, jf. brev til oss 13.04.2026.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova (pbl.), jf. pbl. § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Forvaltningslova (fvl.) gjeld elles ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. pbl. § 1-9.

Statsforvaltaren kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. fvl. § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnet skal vi leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Planarbeidet og vedtaking av reguleringsplanar

Etter pbl. § 3-3 er det kommunestyret som er planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med reguleringsplanar.

Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Pbl. §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegnar om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast.

Sakshandsamingsreglane skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. Gjennom grundige planprosessar skal kommunen sikre at offentlege og private standpunkt blir sett lys på, slik at arealdisponeringa blir fastlagt på eit best mogeleg grunnlag. Kommunestyret skal vurdere dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. pbl. § 12-12. Reguleringa skal byggje på det som



kommunestyret ser på som den mest gunstige arealdisponeringa ut frå ei samfunnsmessig heilskapsvurdering. Vurderinga av korleis areala skal disponerast, er i utgangspunktet underlagt planstyresmakta sitt frie skjønn. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot kvarandre. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for enkelte.

Det ligg ikkje føre motsegn eller andre innvendingar til reguleringsplanen slik den er vedteken. Vilkår for at kommunen kan godkjenne planen er difor i utgangspunktet til stades, jf. pbl. § 12-12, jf. § 12-13.

Konsekvensutgreiing

Produksjon av grøn ammoniakk inneber handtering av farlege stoff. Reguleringsplanen er utgreiingspliktig etter forskrift om konsekvensutredning § 6 bokstav b, vedlegg I pkt. 6, b som gjeld framstilling av uorganiske basiskjemikaliar. Gjennom planprosessen vart det kjent at samla utnytting vil auke med meir enn 15.000m² BRA, som medfører at også vedlegg I punkt 24 og 30 i konsekvensutgreiingsforskriftene gjeld. Følgjande fagtema er konsekvensutgreidde:

- Samla konsekvensvurdering 29.10.2024
- Naturmangfald, fagrapport 27.03.2025
- Vassmiljø, fagrapport 27.03.2025
- Friluftsliv, fagrapport 28.10.2024
- Støy, fagrapport 26.10.2024
- Luftforureining, fagrapport 28.10.2024
- Klimagassutslepp, fagrapport 28.10.2024
- Beredskap og ulykkesrisiko/samfunnsikkerheit, ROS-analyse 25.03.2025
- Helsekonsekvensvurdering, 31.01.2025

Plansituasjon- kommuneplanens arealdel

I arealdelen til kommuneplanen (KPA) for Gulen kommune 2012-2024 (nasjonal arealplanid: 4635_2012001, ikraftsetjing: 12.06.2014), er det aktuelle arealet sett av til kombinert til arealføremål for bygg og anlegg, hamn (områdenamn: Skipavika), næringsverksemd, farlei (områdenamn: Fensfjorden), LNF, og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Det vert for tida arbeidd med ny arealdel til kommuneplanen.

Ammoniakkanlegget er planlagt i den sørlege delen av planområdet, som i KPA er avsett til næringsverksemd. Det er opplyst at gjeldande KPA ikkje legg restriksjonar på arealbruken innanfor næringsområdet i Skipavika. Storulykkesverksemd er slik sett i samsvar med gjeldande KPA. Det er også avsett areal til ventebøye i KPA.

Naturmangfaldlova

Føremålet med Naturmangfaldlova (nml.) er at «*naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur*», jf. § 1.

I nml. §§ 8-12 er det stilt opp fleire miljøprinsipp som skal takast omsyn til ved offentlege avgjerder:

- § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for avgjerdene
- § 9 stiller opp et «*føre-var-prinsipp*»
- § 10 seier at påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den «*samlede belastningen*» systemet er eller vil bli utsett for



- § 11 bestemmer at tiltakshavaren skal bere kostnadene ved å hindre eller avgrense naturskadane ved tiltaket
- § 12 krev at ein prøver å unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet gjennom val av driftsmetodar, teknikk og lokalisering

Det følger av nml. § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. I andre punktum heiter det vidare at «*vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen*».

Dåverande Miljøverndepartementet kom 06.10.2011 med ei fråsegn om korleis saker om plan- og bygningslova og naturmangfaldlova skal handsamast og vurderast:⁶

«jo mer og verdifullt naturmangfold som berøres, desto grundigere må saken vurderes etter loven».

.....

Alle planvedtak etter plan- og bygningsloven bygger på en interesseavveining. Hvilken vekt prinsippene i §§ 8-12 i naturmangfoldloven, sammen med forvaltningsmålene i § 4 og § 5 blir tillagt i denne avveiningen, avhenger av hvilke naturmangfoldverdier som finnes, i hvilket omfang de vil bli berørt og av andre hensyn i saken. For å sikre mest mulig ensartet forvaltning i tråd med prinsippene, kreves det i § 7 i naturmangfoldloven at vurderingen og vektleggingen av prinsippene skal framgå av beslutningen. Det innebærer en plikt til å synliggjøre hvordan prinsippene er vurdert i den enkelte sak, i hvilken grad de er relevante, og hvilken vekt de er tillagt. Dersom planvedtaket berører naturtyper som er truet eller nært truet på Norsk Rødliste for arter 2010 eller verdifulle arter Norge har et særlig ansvar for, skal prinsippene i §§ 8-12 tillegges større vekt.»

Krav til grunngjeving

Fvl. § 24 første ledd slår fast at «*[e]nkeltvedtak skal grunngis*». Dei krava som vert stilte til innhaldet i grunngjevinga går fram av fvl § 25. Grunngjevinga «*skal vise de reglene vedtaket bygger på*» og begrunnelsen skal «*gjengi innholdet av reglene vedtaket bygger på*» dersom det er nødvendig for at partane skal vere i stand til å forstå vedtaket. I tillegg vert det slått fast at «*[h]ovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av det forvaltningsmessige skjønn, bør nevnes*».

Når det gjeld handsaming av prinsippa etter naturmangfaldlova, så skal vurderingane «*fremgå av beslutningen*». Inge Lorange Backer skriv i *Naturmangfoldloven Kommentarutgave* (2010) på s. 86 om naturmangfaldlova § 7 og grunngjeving:

«Annet punktum bestemmer at det skal fremgå av beslutningen hvilken rolle prinsippene i §§ 8 til 12 har spilt for avgjørelsen. Etterlevelse av dette kan både sikre at de faktisk får betydning, og gi grunnlag for kontroll med at det skjer. For enkeltvedtak betyr annet punktum et spesifikt tillegg til de generelle krav til begrunnelse for vedtaket som fvl. § 25 stiller.»

Det er viktig at de utøvende myndighetene lojalt følger opp lovgivers krav etter naturmangfoldloven. Krav til begrunnelse oppfordrer til større grundighet og nøyaktighet ved behandling og avgjørelse av saken, noe som i neste omgang vil føre til flere materielt sett riktige avgjørelser.

Sivilombudet har i si fråsegn i sak 2022/3102, i avsnitt 43 sagt at også veginga mot andre omsyn skal komme fram i grunngjevinga:

⁶ [Planjuss 1/2012 - regjeringen.no](https://planjuss.1/2012-regjeringen.no) side 4



«Kravet i naturmangfoldloven § 7 innebærer altså ikke bare at det skal fremgå at de aktuelle prinsippene er vurdert, men også hvilken vekt disse skal ha i den interesseavveiningen som skal gjøres i vedtak om reguleringsplaner. Det innebærer at prinsippene skal vektes mot de andre hensynene som gjør seg gjeldende i plansaken.»

Vår vurdering

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. fvl. § 33. Klagarane har rettsleg klageinteresse og det er klaga til rett tid, jf. fvl. §§ 28 og 29.

Klagen frå Wergeland Holding AS

Til sakshandsaminga

Klagar har vist til at Wergeland Holding AS sine rettigheter til GMU bøye nr. 1/LK-704/Fensfjorden Mooring Buoy NO. 01 ikkje er regulert inn i planen. Wergeland Holding AS meiner at dei skulle ha vore varsla i planprosessen.

I pbl. § 12-10 heiter det at :

«Registrerte grunneiere og festere og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet samt naboer, skal når de blir direkte berørt, på hensiktsmessig måte underrettes om forslag til reguleringsplan med opplysning om hvor det er tilgjengelig.»

Kravet om å varsle andre som har rettar i planområdet, føreset at det ligg føre ein rett, og at den som har retten vert råka dersom planen vert realisert.

Gulen kommune har, som ein følge av klagen, undersøkt med Kystverket om retten til å etablere ventebøyen som er gjeve i medhald av havne- og farvannsloven i 1997 og i 1999 framleis gjeld. Kystverket konkluderte i e-post 14.10.2025 slik:

«Tillatelse ble gitt etter daværende havne- og farvannslov 1984 § 6 «Tiltak som kan føre til endring av elveløp, farled eller strømforhold eller innskrenkning av farvannet til hinder for ferdsele i dybde, bredde eller høyde, krever tillatelse av departementet.

I 2009 ble det vedtatt ny havne- og farvannslov som i § 31 slo fast at «En tillatelse faller bort hvis arbeidet med et tiltak ikke er satt i gang senest tre år etter at tillatelsen ble gitt. Det samme gjelder hvis arbeidet med tiltaket blir innstilt i mer enn to år. Den myndighet som har gitt tillatelsen, kan forlenge fristen én gang med inntil tre år.» I Ot. prp. nr. 75 (2007-2009) side 169 i merknad til bestemmelsen fremgår det at: «Også der arbeidet er fullført, men bruken av selve tiltaket opphører i mer enn to år, vil en tillatelse falle bort.» Lovbestemmelsen ble videreført i gjeldende havne- og farvannslov av 2019 § 16 og forarbeidene viser tilbake til rettstilstanden i loven av 2009. Med andre ord er gjeldende rett at tillatelser etter havne- og farvannsloven faller bort etter to år dersom tiltaket ikke brukes.

Forutsatt at bøyene er fjernet og ikke brukt på over to år er altså tillatelse etter havne- og farvannsloven bortfalt. Tiltaket må i så tilfelle omsøkes på nytt før lovlig bruk.»

Det er også opplyst at tiltaket er fjerna frå det offentlege sjøkartet som er utarbeidd av Kystverket.

Gulen kommune har, på bakgrunn av tilbakemeldinga frå Kystverket, konkludert med at det ikkje ligg føre ein rett til ventebøye som tilsa at klagarane skulle varslast direkte etter pbl. § 12-10.

Statsforvaltaren finn ikkje grunn til å gå nærare inn på om Gulen kommune skulle ha varsla klagar særskilt i planprosessen i medhald av pbl. § 12-10. Det avgjerande for oss har vore at den påståtte




sakshandsamingsfeilen uansett er reparert ved klagehandsaminga, jf. prinsippet i fvl. § 41. Wergeland Holding AS har fått fremma sine synspunkt, og kommunestyret, som fastset korleis areala skal nyttast i kommunen, har handsama klagen frå Wergeland Holding AS. Innvendingane til sakshandsaminga og arealdisponeringa er såleis vurdert av øvste planstyresmakt i Gulen kommune.

Til arealdisponeringa

Wergeland Holding AS er også ueinige i arealdisponeringa, og viser til at fjerning av ventebøyen vil ha store økonomiske konsekvensar for dei.

Statsforvaltaren viser til at ventebøyen er vurdert i ROS-vurderinga av 25.03.2025⁷.

Figuren under til venstre er innteken i ROS-analysen på side 33, og viser overordna risikokonturar for Skipavika ammoniakkanlegg. Risikokonturane strekker seg også ut i sjøarealet og kjem i konflikt med areal avsett til ventebøyen i KPA, sjå figuren under til høgre:



I ROS-analysen på side 33 og 34 står det at «Ventebøyen er ikke etablert, det er kun avsatt areal til den. Ventebøyen må etableres i midten av sirkelen som er avsatt areal. Ved etableringa av produksjonsanlegg for ammoniakk tilrådes det at ventebøye ikke etableres som angitt i kommuneplanen.»

Kystverket har i planprosessen også tilrådd at ventebøyen vert teken ut av KPA når planen skal rullerast.

Statsforvaltaren viser til at det vil melde seg motstridande interesser i alle plansaker, og kommunestyret må som øvste planstyresmakt vekte dei ulike interessene mot kvarandre. I denne saka er ikkje ventebøyen innregulert i planen grunna risikokonturane rundt det planlagde ammoniakkanlegget. Vi har ikkje merknader til dette og viser til at omsynet til tryggleiken ved drifta av anlegget er eit viktig argument i vurderinga som kommunestyret må gjere.

Wergeland Holding AS meiner at dei har ein rett til å ha ventebøyen liggjande. Vi viser til utgangspunktet om at ei regulering ikkje får verknad for lovlege private rettar. Eksisterande lovleg bruk kan difor fortsetje uavhengig av om bruken er i strid med planen. Reguleringsplanen gjev samstundes heimel for oreigning, jf. pbl. §§ 12-4 fjerde ledd og 16-2 første ledd, og rett til innløyising eller erstatning etter plan- og bygningslova kap. 15. Den som eventuelt får rettane sine krenkte, lyt altså tole at kommunen styrer arealbruken gjennom ein lovleg vedteken reguleringsplan, men kan ha krav på erstatning dersom vilkåra for dette er oppfylte. Vi går ikkje nærare inn på dette.

⁷ [Skipavika ammoniakk](#) ROS - analyse av 25.03.2025 (arealplaner.no)



Vi er kjent med at Gulen kommune rullerer KPA, og peiker også på at det kan vere naturleg å vurdere ei alternativ plassering av ventebøyen i arbeidet med KPA.

Klagen frå Elvebakke og Gripsgård

Til sakshandsaminga- medverknad i høyringa

Elvebakk og Gripsgård har vist til at nokon av innbyggjarane på Sande har sendt inn høyringsinnspel med konkrete bekymringar, men at desse ikkje er reelt vurderte.

Vi viser til at privatpersonar i utgangspunktet ikkje har noko krav på styring av planprosessen ut over det som følgjer av plan- og bygningslova kap. 5 om medverknad, jf. også §§ 12-8 og 12-10 om handsaming av planforslaget.

Det kjem fram av saksdokumenta at planarbeidet vart kunngjort i avisa Strilen 30.06.2023. Planprogrammet var til offentleg høyring parallelt med varslingsperioden. Som del av planprosessen, og med bakgrunn i den planlagde ammoniakkproduksjonen, vart det gjennomført folke- og informasjonsmøte i Skipavika den 14.09.2023 og 08.02.2024.

Planforslaget til offentleg høyring vart kunngjort i avisa Nordhordland 16.11.2024 med opphavleg høyringsfrist 03.01.2025, som vart utsett til 09.01.2025. Det vart gjennomført dialogmøte 06.02.2025 grunna motsegn frå Kystverket.

Det er opplyst at det under den offentlege høyringa av planforslaget med konsekvensvurderinga kom inn 13 uttalar og merknadar, mellom anna tre private merknadar.

Statsforvaltaren viser etter dette til at Gulen kommune og forslagsstillar har lagt opp til ein brei planprosess med moglegheit for medverknad. Dei som har hatt merknader i planprosessen har fått merknadene sine grundig vurderte av forslagsstillar og Gulen kommune, sjå mellom anna merknadsskjema sist revidert 20.05.2025⁸. Det er også gjennomført to folkemøte. Vi forstår det slik at dei private merknadsstillarane også vart kontakta etter høyringsperioden og tilbydd individuelle møte for dialog og klargjering av eventuelle spørsmål. Slik vi vurderer det har handsaminga av planen vore i tråd med plan- og bygningslova sine føresegner om medverknad og offentlegheit.

Tryggleik, uklår risiko, beredskap

Elvebakken og Gripsgård har vist til at planområdet ligg for nær bustadar, der folk lever sin kvardag. Industriverdiar har fått gå urettmessig føre tryggleik og livskvalitet.

Det er planlagt storulykkeverksemd med ammoniakk utan reell avstand til sårbare grupper.

Etter konsekvensutgreiingsforskrifta (KU-forskrifta) § 19 siste ledd skal konsekvensutgreiinga gjere greie for «[d]e alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå.»

Ordlyden i KU-forskrifta § 19 talar for at kommunen må gjere greie for dei ulike alternativa for lokalisering av ammoniakkanlegget som har vore vurdert.

⁸ [Merknads- og endringsskjema offentlig ettersyn](#)



Vi legg til grunn at krava til dokumentasjon skal sikre at saka er så godt opplyst som mogleg før det vert gjort vedtak og for å sikre medverknad.

Konsekvensutgreiinga og planomtalen nemner ikkje konkret andre lokaliseringalternativ som er vurderte, men forkasta, i planprosessen. I framlegget til planprogrammet⁹ kjem det også fram at det ikkje vil vert gjennomført alternativ vurdering kring plasseringa av anlegget, og at det er DSB som avgjer dette, sjå s. 26.

Konsekvensutgreiinga seier likevel at Fuella, som er initiativtakar til anlegget, har sett på ei rekke moglege lokaliseringar for ammoniakkproduksjon.¹⁰ Per i dag har dei pågåande planar for to ammoniakkanlegg, dvs. anlegget i Skipavika og i Korgen i Nordland. I utgreiinga er det særleg peika på følgjande silingskriterium for etablering av ammoniakkanlegg, sitat:

- « - *Nettilgang for relativ stor effekt (i dette tilfellet 130MW)*
- *Tilgang til dyphavshavn*
- *Muligheter for langsiktige kraftavtaler*
- *Gode muligheter for bruk av overskuddsvarme, enten til salg eller avhending*
- *Synergi med lokale støttespillere i form av industriutvikling og tilstøtende virksomheter*
- *God avstand til naboer med tanke på sikkerhetssoner rundt anlegget*
- *Etablert industrikultur er en fordel*
- *Muligheter for lokalt marked for ammoniakk, særlig innenfor skipsindustrien er en fordel*
- *Allerede utsprengt og planert område er en fordel.*»

Det følgjer av konsekvensutgreiinga at Skipavika Næringspark, som allereie er eit industriområde under utvikling, scorar høgt på alle desse punkta. Vi legg til grunn at desse momenta har vore avgjerande i lokaliseringsvurderinga som planstyresmaktene har gjort.

Konsekvensutgreiinga seier at initiativtakar har sett på ei rekkje moglege lokaliseringar for ammoniakkproduksjon. Etter vår meining skulle konsekvensutgreiinga ha nemnt kva for stader ein har sett på og vurdert som alternativ til Skipavika. Det ville kunne sikre openheit om kvifor Skipavika er det einaste relevante og realistiske alternativet, jf. KU-forskrifta § 19. Den lokale motstanden mot tiltaket støttar etter vårt syn også dette.

Saka er likevel spesiell ettersom planen legg til rette for storulykkeverksemd. Det er også eit uttalt ønske om å etablere seg i eit industriområde i etablering, på sokalla «grått areal». Det innsnevrar etter vårt syn sterkt andre lokalitetar som aktuelle. Det er heller ikkje opplysningar i saka som tilseier at det var trong for ytterlegare utgreiing av lokaliseringsspørsmålet andre stader enn i Skipavika. Dei kritiske røystene har også kome til orde. Slik saka står per no er det difor vanskeleg å tenkja seg nemneverdige andre lokaliseringar av eit slikt tiltak. Vi kan difor ikkje sjå at manglande omtale og vurderingar av andre aktuelle lokaliseringalternativ i KU-utgreiinga har hatt verknader for innhaldet i vedtaket, jf. prinsippet i fvl. § 41.

⁹ Forslaget til planprogrammet er lagt ved dette brevet.

¹⁰ [Skipavika næringspark](#) samla konsekvensutgreiing side 7 flg.



Spørsmålet vert så om arealdisponeringa byggjer på reguleringsmessige omsyn og står fram som den beste løysinga for samfunnet. I vurderinga må dei ulike interessene i saka vektast mot kvarandre.

Vi ser at tiltaket som planen opnar for, kan ha positive verknader for klimaet, ved at grøn ammoniakk kan nyttast til kunstgjødselproduksjon og som miljøvennleg drivstoff for til dømes skipsfarten. Slikt sett kan produksjonen bidra til å redusere dei globale klimagassutsleppa. Naboane ønskjer derimot ikkje ammoniakkproduksjon i området, og er bekymra for risikoen som det kan medføre .

Vi forstår uroa, men viser til at det er gjort eit omfattande og grundig arbeid for å kartlegge risikoen:

Det er gjennomført ein kvantitativ risikoanalyse (QRA) ved Norconsult i 2024 for anlegget. Føremålet med den kvantitative risikovurderinga er mellom anna å vurdere trongen for arealmessige avgrensingar rundt utstyr og anlegg der dette er naudsynt for å sikre omgjevnadene på ein tilfredsstillande måte.

Det er vidare gjennomført tryggleiksvurderingar gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) med bakgrunn i QRA.¹¹ Følgjande farar er utgreidde:

«

- områdestabilitet
- havnivåstigning, stormflo og bølgepåvirkning
- ekstremnedbør (overvann)
- terrengbrann
- transport av farlig gods på veg
- hendelse ved storulykkeanlegg
- skipstrafikk til/fra anlegget
- slokkevann
- tilsiktede handlinger.»

Temaet hendingar ved storulykkeanlegg omfattar både brann/eksplosjon ved industrianlegg og akutt forureining, medrekna ammoniakklekkasje.

Det er peika på følgjande sårbarheits – og risikoreduserande tiltak ved moglege hendingar ved storulykkeanlegget, sjå side 39:

¹¹ [Skipavika ammoniakk](#) risiko- og sårbarhetsanalyse av 25.03.2025



Fare	Sårbarhets- og risikoreduserende tiltak
Hendelse ved storulykkeanlegg	Etablere hensynssoner rundt anlegget i tråd med utført QRA-analyse/ DSBs retningslinjer for storulykkeanlegg.
	Opprettholde og videreføre dialogen med lokalt brannvesen knyttet til beredskap rundt anlegget.
	Etablere nødvendig brannvannsforsyning for anlegget ut fra den brannstrategi virksomheten velger for anlegget.
	Arbeide videre med å identifisere og inkludere ytterligere risikoreduserende tiltak ved anlegget slik at risikokonturer rundt anlegget blir så små som praktisk mulig.
	Dersom det fortsatt skal tas inn rigger/ fartøy til vedlikehold på industriområdet og det skal være overnatting på rigg/ fartøy må dette skje på arealer utenfor den midtre sonen, evt. at overnatting i rigger som ligger til kai ikke blir tillatt.
	Ved etableringa av produksjonsanlegg for ammoniakk tilrådes det at ventebøye ikke etableres som angitt i kommuneplanen

Tiltaka er følgt opp i reguleringsplanen. Anlegget vil, når det er ferdig etablert, liggje innanfor omsynssonene som er fastsette i reguleringsplanen i tråd med ROS-analysen. Det er gjort nærare greie for dei ulike omsynssonene og ulike tiltak i mellom anna saksframlegget til kommunens handsaming av reguleringsforslaget, sak 2023/3325.¹²

Det er også lagt inn andre avbøtande tiltak frå ROS- analysen i planføresegnene, sjå mellom anna føresegnenes pkt. 2.7 *om sikkerheit/samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1,2,4) og miljø sikkerheit*. Vi nemner til dømes at etter pkt. 2.7.1 har alle verksemdar ansvar for å halde risikoen for tilsette og innbyggjarar i området på eit akseptabelt nivå, og for å ha beredskap mot uønskte hendingar. Dokumentasjon skal leggjast fram seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest. Føresegnene pkt. 2.7.3 seier også at det skal utarbeidast beredskapsplan for sikkerheit ved brann og eksplosjon, som også omtalar eventuelle terrengbrannar og handteringa av desse. Sikkerheita for brann og eksplosjon skal dokumenterast ved søknaden om rammeløyve.

I tillegg kjem det at Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), som er nasjonal styresmakt på området risiko og beredskap, har vore uttalepart i planprosessen. DSB vil også vere premissgjevar for planlegging, bygging og drift av anlegget gjennom to eigne godkjenningstrinn. DSB har kome med attendemelding etter at planen vart godkjent av kommunestyret 17.06.2025. Dei skriv følgjande:

«Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til melding om vedtak datert 24.06.2025 om godkjenning av reguleringsplan Skipavik Næringspark (gbnr. 79/47 - 79/53 - 79/54 - 79/1 - 79/33 og 79/36) i Gulen kommune.

DSB har pågåande behandling av samtykkjesøknad for SkiGA i Skipavik Næringspark. Risikokonturane vedlagt samtykkjesøknaden er i samsvar med dokumentasjonen vedlagt godkjenninga av reguleringsplanen. Vedlegg 3, illustrasjonsplan A0 datert 19.05.2025, har bytt om namn/farge på indre og ytre omsynssone. DSB har ingen fleire kommentarar.»

Før ammoniakkanlegget kan etablerast skal tiltaket også gjennomgå 2. godkjenningstrinn hjå DSB. Det vil i så tilfelle innebære at DSB vil vurdere om risikoen for omgjevnadene er akseptabel og setje konkrete krav til beredskapen for verksemda.

¹² [36 Sande.DOCX](#) Saksframlegg handsaminga av saka i kommunestyret 17.06.2025.



Norconsult også utarbeidd ein helserapport i planprosessen¹³. Rapporten ser mellom anna på om tiltaket vil få konsekvensar for luftkvaliteten og støytilhøva for naboane under anleggs- og/eller driftsfasen. Rapporten konkluderer med at endringane er akseptable, sitat: «*Etableringen av ammoniakkanlegget i Skipavika næringspark vurderes å ha marginale konsekvenser for helse og trivsel i lokalsamfunnet. Tiltaket påvirker ikke friluftsområder eller tilgjengeligheten til slike ressurser, og luftkvaliteten forblir innenfor akseptable grenser. Ingen boenheter vil havne i gul støysone, støyen er trolig ikke impulspreget eller varierende, og eksisterende boliger vil ha tilgang på stille side og uteoppholdsareal. Ingen boliger vil få støy over anbefalte grenseverdier under anleggsperioden. Likevel vil endringen i støynivået i området kunne være merkbar, og det innføres noen nye støykilder i driftsfasen. Konsekvensgraden er derfor vurdert å være – «noe negativ konsekvens», men dette kan håndteres med avbøtende tiltak og overvåking. Risiko for opplevd utrygghet knyttet til håndtering av farlige stoffer anses som minimal, ettersom ingen boliger ligger innenfor faresonene. Samlet sett konkluderes det med at tiltaket i driftsfasen har ubetydelige helsekonsekvenser.*»

Det er likevel peika på i rapporten at opplevinga av tryggleiken kan verte påverka av tiltakets art, då produksjon og handtering av farlege stoff kan gje usikkerheit. Rapporten viser difor til at det er viktig med tydeleg og kontinuerleg dialog med lokalsamfunnet. Kravet til informasjon til naboar/lokalmiljøet er også heimla i storulykkeforskrifta § 12, som kan bidra til å skape føreseielegheit og redusere eventuelle bekymringar for naboane.

Det vil melde seg ulike interesser i alle plansaker. Dei positive verknadene av ammoniakkanlegget må, som nemnt, vektast opp mot ulempene og risikoen knytt til drifta av anlegget. Gjennomgangen over viser at det er gjort eit omfattande arbeid med tryggleiksvurderingar gjennom ROS-analysen i planprosessen. Ut frå dette er det sett omsynssonar rundt ammoniakkanlegget, og andre avbøtande tiltak er også lagde inn i reguleringsplanen. Sjølv om tiltaket vil kunne få noko negative konsekvensar for omgjevnaden, har vi ikkje merknader til arealdisponeringa. Til liks med kommunen viser vi særleg til at det er stor distanse til dei næraste naboane, dvs. ca. ein km. Anlegget skal også etablerast i eit område som er under utvikling som industriområde.

Naturmangfaldlova

Elvebakke og Gripsgård har vist til at sjølv om ammoniakkanlegget er planlagt inne på eksisterande industriområde, så vil verksemda og aktiviteten kunne føre til skade på nærliggjande naturmiljø og busetnad. Det er særleg vist til at det ligg kystlynghei og leveområde for hubro i områda rundt, og at den samla industrielle belastninga vil svekkje den økologiske kvaliteten.

I det følgjande vil vi ta for oss tilhøvet til naturmangfaldet og naturmangfaldlova (nml.).

Det følgjer av nml. § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. I andre punktum heiter det vidare at «*vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen*».

Nml. § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for avgjerda. Statsforvaltaren har full prøvingsrett og -plikt i reguleringsplansaker, og har ansvar for å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok før det vert gjort vedtak i klagesaka.


Norconsult AS har kartlagt naturmangfaldet på land og i sjøen innafor plan- og influensområdet, sjå fagrapport naturmangfald, sist oppdatert 27.03.2025¹⁴. Det er avgrensa og sett verdi på sju

¹³ [Skipavika næringspark](#) fagrapport helse 31.01.2025

¹⁴ [Skipavika ammoniakk](#)



delområde i og i relevant avstand til utgreiingsområde, sjå utklippet under som viser dei sju delområda:



Figur 6 Oversikt over dei 7 delområda. Utklipp til venstre er delområde 1 - 4, utklipp øvst til høgre er delområde 5, utklipp nedst til venstre er delområde 6 og 7. Delområde 3 er utanfor planområdet.

Det er gjort nærare verdivurderingar, sjå tabellen under:



Kategori	Delområde	Begrunnelse for verdi	KU-Verdi
Terrestrisk naturmangfold			
Naturtyper	Delområde 1 – Kystlynghei	Utvalgt naturtype etter naturmangfoldloven § 52 med lav lokalitetsverdi svært stor verdi etter M-1941	Svært stor
Økologiske funksjonsområder for arter	Delområde 2 – Håhaugen hekkelokalitet	Delområde omfatter en kjent hekkelokalitet ved Håhaugen for den sterkt truede arten svartstrupe. Som økologisk funksjonsområde for sterkt truede arter settes verdien til svært stor .	Svært stor
	Delområde 3 – Kudalsvatnet	Delområde omfatter hekkelokalitet ved Kudalsvatnet for den sterkt truede arten svartstrupe og kantsoner rundt vannet har betydning for andre rødlistede fuglearter. Selve Kudalsvatnet er funksjonsområde for den sterkt truede arten ål. Som økologisk funksjonsområde for sterkt truede arter settes verdien til svært stor .	Svært stor
	Delområde 4 - Brandangersundet	Basert på at området kan være en viktig forflytningspassasje (landskapsøkologisk funksjon) for da særlig lokalt fugleliv, i tillegg til et alminnelig funksjonsområde for sjøfugl, vurderes det at området er av noe verdi .	Middels
Marint naturmangfold			
Naturtyper	Delområde 5 - Tareskog	Delområdet omfatter en naturtype etter DN håndbok 19, <i>store tareskogforekomster</i> . Området er avdekket i kartlegging av marint naturmangfold, og sammenslått med eksisterende registrering av tareskog. Grunnet størrelse og tilstedeværelse av den sterkt truede naturtypen <i>Sørlig sukkertareskog</i> settes verdien på delområdet til svært stor .	Svært stor
	Delområde 6 - Ålegrassamfunn	Delområdet omfatter en naturtype registrert etter DN håndbok 19, <i>ålegrasenger og andre undervannsenger</i> . Utbredelsen er ikke avgrenset grunnet at kartlegging av forekomsten ble gjort på uegnet tidspunkt utenfor vekstsesong for ålegras. På bakgrunn av dette er føre-var-	Stor
		prinsippet lagt til grunn for at man ikke utelukker at ålegrassamfunnet kan ha A-verdi. Ålegrasenger er ikke en rødliste naturtype, og får dermed KU-verdi stor .	
Økologiske funksjonsområder	Delområde 7 - Bergvegg	Delområdet omfatter en naturtype som inngår i rapporten som omtaler <i>Forslag til forvaltningsrelevante marine naturenheter</i> . Fordi metodikken ikke er ferdigutviklet for forvaltningsrelevante marine naturenheter er det valgt å verdisette delområdet som et økologisk funksjonsområde for arter som lever i området. En ubestemt uerart ble observert under feltkartlegging. Arten vanlig uer er sterkt truet i rødlista for arter, og delområdet får dermed svært stor KU-verdi.	Svært stor

Hovudregelen er at nml. § 8 stiller krav om å vurdere den eksisterande kunnskapen. Innhenting av ny kunnskap kan berre krevjast unntaksvis. Det følger likevel vidare av nml. § 8 første ledd siste setning at «*kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*»

Vi finn at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet er tilstrekkeleg til å gjere vurderingar av naturmangfaldet, og til å vurdere prinsippa i naturmangfaldlova, jf. nml. § 8. Vi viser til følgjande:

Når det gjeld kystlynghei, er dette ein utvald naturtype etter nml. § 52. Det inneber at det ved bruk og arealplanlegging som råkar naturtypen, skal takast spesielle omsyn.



Fagrapporten syner at det er registrert tre naturtypelokalitetar med kystlynghei i dei sju delområda i /utanfor planområdet.¹⁵ Områda med kystlynghei i planområdet er delvis fragmenterte og skild frå dei andre områda med kystlynghei med veger og gjerder. ¹⁶Det er utført naturtypekartlegging i området rundt Skipavika, og det utgjer for det meste naturtypar med kystlynghei. Truleg vil også store delar av landskapet i Gulen kommune som ikkje er kartlagt for naturtypar, også vere kystlynghei. Slik vi forstår fagrapporten er naturtypen først og fremst truga av endringar i landbruket og driftsformene, og då særleg opphøyr av tradisjonell drift med beitedyr og jamleg brenning/rydding – og ikkje utbygging. I rapporten vert det konkludert med at inngrep i mindre viktige delar utan skjøtsel i dag ikkje gjev vesentlege bidrag til samla belastning på naturtypen, korkje lokalt eller nasjonalt. Dette gjev, etter fagrapporten, middels konsekvens for naturtypen kystlynghei.

Vi finn også at kunnskapsgrunnlaget knytt til hubroen er tilstrekkeleg, sjølv om opplysningane om hubroen ikkje er så omfattande i underlagsdokumenta. Hubro er kategorisert som sterkt truga (EN) i den norske rødlista. Ved handsaminga av reguleringsplanen er det opplyst at det er registrert hubro ca. 2 km frå industriområdet.¹⁷ Det er også vist til at det er vesentleg at lydbildet /støyen utanfor planområdet ikkje vil endrast vesentleg ref. konsekvensvurdering og fagrapport støy. Desse opplysningane er også utdjupa i naturmangfaldrapporten av 27.03.2025:

«Registrerte observasjoner av fugl i artskart og i tidligere konsekvensutredning er gjennomgått for identifisering av potensielle økologiske funksjonsområder i utredningsområdet. Videre er det gjort søk i databasen for sensitive artsdata for området med hensyn til hekkelokaliteter og funksjonsområder for blant annet hubro. Informasjonen er unntatt offentligheten og vises ikke på kart. I tidligere konsekvensutredning er det beskrevet at nærmeste kjente sporfunn av hubro ca. 2 km fra planområdet. Hekkeplassen for hubro ble sjekket i åra fra 2015-2017 og det ble registrert aktivitet alle årene. Den blir beskrevet som en av de mest brukte hekkelassene i fylket og Sandøyne er et svært verdifullt område.»

I naturmangfaldrapporten kjem det vidare frem at det ikkje er registrert nye lokalitetar for hubro sidan 2017.¹⁸ Det er særleg nemnt at hekkeområda for svartstrupa kan verte påverka av støyande arbeid. Det vert forventa at hekkande fugl i området er moderat tilpassa støy frå anlegget etter anleggsarbeid med arrondering av tomt, slik at verknadene truleg er mindre.

Slik vi ser det har kommunen teke utgangspunkt i den eksisterande kunnskapen som finst om området når det gjeld landskapet, naturtype og artar av vegetasjon. Med utgangspunkt i dei potensielle effektane for naturmangfaldet, meiner vi at det ikkje må hentast inn ny kunnskap om til dømes kystlynghei og hubroen. Vi kan såleis ikkje sjå at føre-var prinsippet tilseier at ny kunnskap må hentast inn i dette tilfellet, jf nml. § 9.

Nml. § 10 viser til at påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet er eller vil verte utsett for. Ved mellom anna handsaminga av klagen har kommunen vist til følgjande: «Naturmangfald er vurdert og avklart gjennom planarbeidet. Norconsult AS gjennom sitt arbeid med konsekvensutgreiinga kartlagt naturmangfald på land og i sjø innafor plan- og influensområdet. Konsekvensutgreiing er utarbeidd i samsvar med metode i Miljødirektoratet si handbok M-1941 . I rapporten kjem det fram at det er fleire område som er gjeve «stor» og «svært stor» KU verdi, likevel er påverknadane små og oppgjeve til «noko forringa» eller «ubetydeleg».»

¹⁵ Sjå side 3

¹⁶ Same referanse

¹⁷ Opplysningar frå planleggjar i saksframstillinga til reguleringsvedtaket

¹⁸ Pkt. 5.3



Når det kjem til § 12, som krev at ein prøver å unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet gjennom val av driftsmetodar, teknikk og lokalisering, er det gitt fleire avbøtande tiltak, til dømes føresegnene 3.1.5.5.c (gytetid torsk) og 3.1.5.5.b («skremmeladning»). Det er ikkje gjeve føresegner for svært støyande anleggsarbeid i hekketida mellom april til august. Vi forstår det slik at det skuldast at terrenginnngrep / sprenging / anleggsfasen i stor grad er gjennomført, og at gjenståande arbeid er lite samanlikna med det som allereie er gjort ila dei siste ti åra.

Vi har også merka oss at det i føresegnene til planen er stilt krav i føresegnes 2.7.9 om at det skal lagast ein overordna miljøoppfølgingsplan innan eit år etter at planen er sett i gang, «for å hindre vidare spreiding av hamnespy frå Skipavika», jf. også nml. § 11.

Statsforvaltaren vil peike på at kommunen ikkje har laga ei eiga framstilling der dei har lista opp naturmangfaldprinsippa i §§ 8-12 for så å vege desse mot dei andre omsyna som talar for å vedta planen. Vi ser det likevel som klårt at kommunen har vege naturmangfaldprinsippa særskilt mot dei andre omsyna som talar for å vedta planen, og at dei har konkludert med at omsyna som talar for reguleringa veg tyngre enn omsynet til naturmangfaldet som vert råka i denne saka. Vi viser til at kommunen særleg har løfta fram at tiltaket har store positive verknadar for klimaet globalt sett.

Vi har etter dette ikkje vesentlege merknader til kommunens handsaming og vurdering av saka etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Oppsummering

Vi har med dette gjennomgått klagen i saka. Vi sluttar oss til vurderingane som Gulen kommune har gjort i saka. Vi meiner det ikkje ligg føre sakshandsamingsfeil ved kommunen si handsaming av saka, og har heller ikkje merknadar til det planfaglege skjønnet knytt til arealdisponeringa. I vurderinga har vi lagt stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret.

Klagene har ikkje ført fram og godkjenninga av reguleringsplanen vert stadfesta. Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)
KYSTVERKET
SKIPAVIKA NÆRINGSPARK AS
SKIGA AS
WERGELAND EIGEDOM AS
ADVOKATFIRMAET BAHR AS

Postboks 2014	3103	TØNSBERG
Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Sandevegen 631	5977	ÅNNELAND
Sandevegen 631	5977	ÅNNELAND
Sløvågen 2	5960	DALSØYRA
Postboks 1524 Vika	0117	OSLO

Mottakerliste:

WERGELAND HOLDING AS	Sløvågen 2	5960	DALSØYRA
Irmelin Gripsgård	Sandevegen 506	5977	Ånnealand
Kristoffer Elvebakke	Sandevegen 506	5977	Ånnealand